

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6.

Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Gyland

Emne: Musikinnstumenter

Bygdelag:

Oppskr. av: Lars Fr. Nuland

Gard: Nuland

(adresse): Nuland

G.nr. 78 Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eigi

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Her er ingen sers flinke spelemenn i bygda no,
men det var tidlegare nokre som var gode til å spela
Fele, Den besse me veit om, heitte Ola Jakobson
Gyland. Han livde for kring 100 år sidan. Han spela i
Brudlauper. Han kunde og dikta slåttar. Det var alm.

Fele han brukte. Sonen Jøren Olsen Gyland. Han var fødd
1819 og døydde 1907. Han var den siste gode spele-
mann i Gyland. Han var i mest alle brudlauper i bygda
og mykje nytta i grannebygderne og. Men kring 1880 vart
det meir avlegs med spel og dans og sidan spela han lite.
Om desse har eg skrive ein artikkkel i Joleheftet
Hilsen fra Flekkefjord. fjerde årgang.

Nokon andre av dei nemnde instrumenter, kjänner me
lite til. Det einaste er Langelur og Bukkehorn, som
hjuringarne brukte. Luren var helst brukte til å tuta
varsle til folk. t.d., Når hjuringen var ute og gjeatte
og ikkje hadde klokka, so tuta dei i luren, når han
kunde koma heim med kreturet om kvelden. Eller folk
var ute på slått, so tuta dei om å koma heim til måls.
Luren var laga av tre, utskoren av 2. halve og utanpå
røyrd med never remser og utanpå det att Bika=tråd.
Lurhodnet var laga av Store Bukkehorn. Det hadde 3.
holar som kunde dekkast med fingrane og på den
måten variera tonerne. Det var ei tritunga av einartre.

I den enden av hornet som ein bless, var det laga liksom eit munnstykke, på unnersida var hornet skore skrått avso den innvendige holning kjem fram i denne skrå opninga. Der vert tunga festa .Tunga er laga slik at det er ein tykkare klump i den eine ende, den som vert nytta til å festa den til hornet med.I hornet og i den tykke enden av tunga, er skore små rinseler, og ein bind so tunga fasst til hornet med Bikatråd, som vert vikla kring mundstykket av hornet og tunga, i desse rinslerne. For å få ljud i det, må ein bløyta tunga i vatn frå fyrist av, so vert den hlden mjuk ved råket i munnen.Det var bare enkle toner ein fekk fram i eit slikt Luhodn,men var ein øvd, kunde ein få fram vakre ljudar,som lydd langt og haurtest vakert ut på lengre avstand.

1878

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Nest-Ogder
Gyländ

LANDSLAGET FOR SPELEMENN.

Bestun.
v/Oslo.

Lars Fr. Nuland
abs. Nuland

Med dette vender L.f.S. seg til Dykk med spørsmål om
De kan gi oss namn og adresse på folk i distriktet som
er interesserte i folkemusikk og gjera greie for om ved-
komande spelar noko instrument, (kva slag?)

Vi er også interesserte i å få vite om det er noko
spelemannslag i distriktet.

Namn og adresser kan sendast sammen med svar til
Norsk Etnologisk Gransking.

Eventuellt spelemannslag:

Adresse:

I Gyländ er det ikkje kjennt anna Fale enn alm.

Tysk flatfele. Det er heller ikkje nokon sers flinke

Namn på folk som
er interesserte i
folkemusikk:

Kva slag
instrument
dei spelar:

Adresse:

Spelemenn.

1878

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING